

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 19/2216-8

## **Trivselshagen IKS - Selskapskontroll - rapport**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- A. Rapport etter gjennomført selskapskontroll av Trivselshagen IKS vert teken til etterretning
- B. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta initiativ overfor Gloppen kommune til å sette i verk følgjande tiltak:
  1. Ferdigstille arbeidet med å utgreie eigarstruktur
  2. Utarbeide felles eigarstrategi for selskapet (dersom ein ikkje vel å dele selskapet)
  3. Syte for at representantskapsmedlemmane deltek i eigarmøta.
  4. Revidere og vedta ny selskapsavtale, og under dette tydeleggjere føremålet med selskapet.
  5. Revidere og vedta nye leigeavtalar, inkludert avtale om fordeling av driftsoppgåver. Under dette også klargjere kva som skal reknast som framleige.
  6. Revidere og vedta ein avtale om areal- og kostnadsfordeling som er basert på faktisk bruk av areala, inkludert framleige.
  7. Følge opp at selskapet setter i verk tiltak for å betre samhandlinga mellom leigetakarane og selskapet.
  8. Følge opp at selskapet gjer ei ny vurdering av MVA-plikta
  9. Klargjere og eventuelt avtalefeste korleis overføring av tomtar skal skje, særleg det som gjeld festetomter og kva konsekvensar det har for betaling av festeavgift (om det ikkje inngår i ein ny selskapsavtale).
- C. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å rapportere status på dette arbeidet innan 15. november 2019.

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

**Vedlegg:**

- Rapport etter gjennomført selskapskontroll av Trivselshagen IKS

**Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Trivselshagen IKS er, som namnet tilseier, eit interkommunalt selskap. Det er eigd av Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune med 50% kvar. Selskapet vart stifta i 2007, og formålet med selskapet var:

*Planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skolane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane. Fellesprosjektet omfattar både nybygga i funksjonsplanen og rehabiliteringa av Firdahallen.*

Formålet med eigarskapen i eigarskapsmeldinga frå 2018 er slik:

*Selskapet sitt føremål er å planleggje, byggje, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skolane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteke funksjonsplan.*

Kontrollutvalet vedtok 1. april i år å bestille forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS etter at utvalet i møte med Trivselshagen 11. februar fekk orientering om ein rapport utarbeidd av Vidsyn AS som peika på nokre utfordringar for selskapet og selskapet sine eigarar, som mellom anna er knytt til rolleforståing og samhandling mellom aktørane som er involvert i selskapet. Vedtaket i KU-sak 15/19 var slik:

1. *Bestilling av forvaltningsrevisjon av Trivselshagen IKS vert godkjent med dei innspel som kjem fram i møtet*
2. *Bestillinga vert oversendt Deloitte AS*

Kontrollutvalet vedtok 6. mai prosjektplan frå Deloitte AS der utvalet i vedtaket ba om rapport innan 16. september, for behandling i kontrollutvalet 2. oktober.

## **2. Vurderingar**

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok rapport 24. september der revisor i sin konklusjon mellom anna skriv:

*Revisjonen meiner samstundes at det er fleire utfordringar, som dels heng saman, knytt til Trivselshagen IKS som må adresserast og løysast for å få til god styring og drift av selskapet. Revisjonen vil særleg peike på tre forhold; (1) Eigarstruktur og –strategi, (2) Avtalar og retningslinjer, under dette også inntekts- og kostnadsfordeling, og (3) Samhandling mellom leigetakarane*

Revisor vurderer at det ikkje er tilfredsstillande at eigarane ikkje har etablert ein felles eigarstrategi og lagt til rette for felles eigarføringar overfor selskapet, og at det er uheldig at det sit andre representantar i eigarmøta enn i representantskapet.

Revisor meiner også at det er uheldig at det har utvikla seg ein praksis med fordeling av inntekter og kostnader som ikkje er i samsvar med etablerte avtalar.

Revisor har utarbeidd fleire tilrådingar. Tilrådingane er valt retta mot Sogn og Fjordane fylkeskommune, som kan ta initiativ til å sette i verk tiltaka saman med Gloppen kommune. Revisor skriv også at det er eigarane som må gje styringssignal til selskapet om å følgje opp dei tiltaka som det er naturleg at styret og dagleg leiing tek ansvar for.

Deloitte rår fylkeskommunen til å ta initiativ til å få gjennomført følgjande tiltak :

1. Ferdigstiller arbeidet med å utgreie eigarstruktur.
2. Utarbeider ein felles eigarstrategi for selskapet (dersom ein ikkje vel å dele selskapet).
3. Syter for at representantskapsmedlemmane deltek i eigarmøta.
4. Reviderer og vedtar ny selskapsavtale, og under dette tydeleggjer føremålet med selskapet.
5. Reviderer og vedtar nye leigeavtalar, inkludert avtale om fordeling av driftsoppgåver. Under dette også klargjer kva som skal reknast som framleige.
6. Reviderer og vedtar ein avtale om areal- og kostnadsfordeling som er basert på faktisk bruk av areala, inkludert framleige.

7. Følger opp at selskapet setter i verk tiltak for å betre samhandlinga mellom leigetakarane og selskapet.
8. Følgje opp at selskapet gjer ei ny vurdering av MVA-plikta
9. Klargjer og eventuelt avtalefester korleis overføring av tomtar skal skje, særleg det som gjeld festetomter og kva konsekvensar det har for betaling av festeavgift (om det ikkje inngår i ein ny selskapsavtale).

Fylkesrådmannen har hatt rapporten til høyring, og skriv i høyringsuttalen at fylkesrådmannen har merka seg tilrådingane frå revisor. Fylkesrådmannen meiner at tilhøva som er omtalt i rapporten i stor grad er omtala i tidlegare rapportar, og at fylkesutvalet har slutta seg til tilrådde tiltak i desse tidlegare rapportane. Fylkesrådmannen har ikkje merknadar til tilrådingane som kjem fram i selskapskontrollen.

Trivselshagen IKS har også hatt rapporten til høyring og skriv i sin uttale at dei tykkjer det har vore ein god og nyttig gjennomgang av selskapet. Det vert i uttalen påpeikt at mange av tiltaka er peika på i tidlegare rapportar, og at selskapet, i tråd med eigarane si oppfølging av arbeidet, har lagt fram løysingar på alle tiltak som er lista opp i føregåande rapportar. Tiltaka vil dermed kunne gjennomførast kort tid etter at eigarane vert samde om løysingane framover.

### **3. Konklusjon**

Deloitte AS har gjennomført selskapskontroll av Trivselshagen IKS på oppdrag av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er svart på problemstillingane i prosjektet, og revisor har utarbeidd ni tiltak som fylkeskommunen vert tilrådd å ta initiativ til å få gjennomført.